

## **Protokoll frå styremøte torsdag 04.10.16.**

Fylkesbygget, møterom Skansen.

Til stades : Mikal Heldal, Knut Farestveit, Bernt Emil Vika, John Einarsen, Kari Fedt Haugsbakk.

Forfall : Jorunn Kambo, Åse Eikemo Strømme.

**Sak 13/2016 - Innkalling og sakliste.** - Ingen merknader.

**Sak 14/2016 – Referat frå styremøte 10.05.16 – Godkjent.**

Kommentar til sak 11/2016 : Kari ba Mikal orientera om saka som vart fremja til styret i LLH av Mikal og Birger Lindanger frå Rogaland, vedr. evaluering av drift av LLH.  
Framlegget deira fekk ikkje fleirtal i styret i LLH.

**Sak 15/2016 – Meldingssaker.** - Ingen merknader.

Lokalhistorisk magasin, Heimen og bokkgåve frå Kvam, Knut Hamsun i Øystese, vart delt ut.

**Sak 16/2016 - Kurs i Wordpress / heimeside.**

Kurset vert halde 27.10. i Fylkesbygget, påmeldingfrist til Mikal 14.10.  
Krav om minimum 5 deltakarar for å avvikla kurset.  
Mikal sender påminning til alle medlemslaga i Hs, og ber dei leggja ut informasjonen på laga sine heimesider og informera om kurstilbudet.

Det vart og ein diskusjon om bruk av **Facebook** for å nå raskare ut med informasjon.  
Mikal kontaktar Kaare Malkenes om han kan oppretta Facebook gruppe for Hordaland sogelag.

**Sak 17/2016 - Årsmøte og Lokalhistoriske dagar 4. -5. mars 2017.**

Mikal orienterte om programforslag han har fått frå Os sogelag.

- Frammøte laurdag til lunsj på Bjørnefjorden gjestegard.
- Lyngheimtunet v/ Nils Georg Brekke
- Oselvarmuseet
- Festmiddag
- Søndag : årsmøte
- Lysekloster
- Lunsj Ole Bull kafe
- Omvisning Ole Bull villa

Styret gav uttrykk for at dette er eit spennande og interessant programforslag, Mikal melder tilbake til Os sogelag.

**Sak 18/2016 – Økonomi.**

Kari orienterte om økonomien i laget, som er tilfredstillane. Alle 32 medlemslaga har no betalt kontingent for 2016.

Os sogelag får først krav om kontingent i 2017.

Prosjektkonto med saldo kr 2.961 er no avslutta i samsvar med tidlegare styrevedtak, summen er overført sparekonto. Innestående i bank er no :

Brukskonto kr 43.710

Sparekonto kr 109.187

**Sak 19/2016 – Tur 2017.** Mikal orienterte om turforslaget til Normandie frå Tide reiser. Ser bra ut. Det må framgå av turinvtasjon om det vert med norsktalande reiseleiar / evt. bare franske engelsktaland guidar...

**Sak 20/2016 – Eventuelt – sak 1 – Historielagskonferansen i Bergen. 4. - 6. nov. 2016.**

Mikal orienterte.

Det er søkt om tilskot til konferansen hos Hordaland fylke og Kulturrådet, med negativ resultat.

Det er behov for å kunna dekkja reise- og opphalds- kostnader for 3-4 foredragshaldarar på konferansen.

Kan Hordaland sogelag stille inntil kr 20.000 til å dekkja desse kostnadane ?

Samme forespørsel går og til styret i Rogaland sogelag.

Seminaret om husmannsvesenet fredag 4. november vil truleg kunna vera av interesse for for mange av medlemslaga i Hs og deira medlemar.

**Vedtak : Styret stiller inntil kr 20.000 til disposisjon til å dekkja reise- og opphaldskostnader til foredragshaldarar på seminaret. Ein forutset at informasjon om seminaret og mulighet for deltaking vert distribuert på beste måte til alle medlemar/medlemslag i Hs snarleg, slik at flest mogleg får kjennskap til det, og høve til å delta der.**

Seminaravgift for deltakarane er kr 200.

– **Eventuelt – sak 2 – Lokalhistorisk magasin.**

Skal ein halda fram som no med trykking og distribuering, det er store kostnader knytt til dagens opplegg. Vil ein vera bedre tent med ei digital løysing, der heile magasinet er tilgjengeleg på nett for abonnentar ? Mange argument talar for at det er framtida...

Dimmelsvik 05.10.16

Kari Fedt Haugsbakk  
- gjestereferent -

Protokollen er sendt styret med varafolk.

